

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDS DIREKTIV 98/6/EF

av 16. februar 1998

om forbrukarvern ved opplysning om prisar på forbruksvarer(*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet, særleg artikkel 129 A nr. 2,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen⁽¹⁾,

med tilvising til fråsegnen frå Økonomi- og sosialutvalet⁽²⁾,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 B i traktaten⁽³⁾, på grunnlag av det felles framlegget frå Forliktsutvalet av 9. desember 1997, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Ein oversiktleg marknad og korrekt informasjon er til føremon for forbrukarvernet og for ein sunn konkurranse mellom føretak og mellom produkt.
- 2) Forbrukarane må vere sikra eit høgt vernnivå. Fællesskapet bør medverke til dette gjennom særlege tiltak som støttar og utfyller politikken til medlemsstatane med omsyn til nøyaktig, oversiktleg og eintydig informasjon til forbrukarane om prisane på forbruksvarer.
- 3) I rådsresolusjon av 14. april 1975 om eit førebels program for Det europeiske økonomiske fællesskapet for ein politikk for forbrukarvern og forbrukaropplysning⁽⁴⁾ og rådsresolusjon av 19. mai 1981 om eit andre program for Det europeiske økonomiske fællesskapet for ein politikk for forbrukarvern og forbrukaropplysning⁽⁵⁾ er det fastsett at det bør utarbeidast felles prinsipp for opplysning av prisar.

4) Disse prinsippa vart fastsette ved direktiv 79/581/EØF om forbrukarvern ved angivelse av prisar på næringsmidler⁽⁶⁾ og direktiv 88/314/EØF om forbrukarvern ved angivelse av prisar på varer som ikke er næringsmidler⁽⁷⁾.

5) Sambandet mellom opplysning av pris per måleining og ferdigpakking av varer i førehandsfastsette mengder eller rominnhald som tilsvarar dei mengdeseriane som er fastsette på fællesskapsplan, har vist seg å vere altfor vanskeleg å nytte. Difor bør dette sambandet falle bort til føremon for ei ny og enklare ordning som stettar interessene til forbrukarane, utan at dette rører ved dei reglane som gjeld for standardisering av emballasje.

6) Plikta til å opplyse om både salspris og pris per måleining er i stor grad med på å betre forbrukaropplysninga, ettersom dette er den enklaste måten for forbrukarane å vurdere og samanlikne prisane på varer på best mogleg måte, slik at dei vil kunne gjere medvitne val på grunnlag av enkle samanlikningar.

7) Det bør difor vere ei allmenn plikt til å opplyse om både salspris og pris per måleining for alle varer, bortsett frå varer som vert selde i laus vekt, der salsprisen ikkje kan fastsetjast før forbrukaren har opplyst kor stor mengd av vara han ønskjer.

8) Det må takast omsyn til at visse varer vanlegvis vert selde i andre måleiningar enn kilo, liter, meter, kvadratmeter eller kubikkmeter. Difor er det føremålstenleg å gje medlemsstatane løyve til å godkjenne at prisen per måleining viser til ei anna mengdeining, samstundes som det vert teke omsyn til kva slags vare det er og kva mengder vara vanlegvis vert seld i i den aktuelle medlemsstaten.

9) Plikta til å opplyse om pris per måleining kan i visse høve vere ei urimeleg stor bør for små detaljistar. Medlemsstatane bør difor i ein høveleg overgangsperiode kunne fritakast for å påleggje denne plikta.

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT L 80 av 18.3.1998, s. 27, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 113/98 av 27. november 1998 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIX (Forbrukarvern), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

(¹) TEF C 260 av 5.10.1995, s. 5, og TEF C 249 av 27.8.1996, s. 2.

(²) TEF C 82 av 19.3.1996, s. 32.

(³) Europaparlamentsfråsegn av 18. april 1996 (TEF C 141 av 13.5.1996, s. 191), felles haldning frå Rådet av 27. september 1996 (TEF C 333 av 7.11.1996, s. 7) og europaparlamentsavgjerd av 18. februar 1997 (TEF C 85 av 17.3.1997, s. 26). Europaparlamentsavgjerd av 16. desember 1997 og rådsavgjerd av 18. desember 1997.

(⁴) TEF C 92 av 25.4.1975, s. 1.

(⁵) TEF C 133 av 3.6.1981, s. 1.

(⁶) TEF L 158 av 26.6.1979, s. 19. Direktivet sist endra ved direktiv 95/58/EF (TEF L 299 av 12.12.1995, s. 11).

(⁷) TEF L 142 av 9.6.1988, s. 19. Direktivet sist endra ved direktiv 95/58/EF (TEF L 299 av 12.12.1995, s. 11).

- 10) Medlemsstatane bør likeins kunne gjere unntak frå plikta til å opplyse om pris per måleining for varer i tilfelle der slik opplysning ikkje ville vere nyttig, eller ville kunne føre til forvirring, t.d. når opplysning om mengd ikkje er relevant for å kunne samanlikne prisane, eller når ulike varer vert marknadsførde i same emballasje.
- 11) For å gjere det enklare å nytte den ordninga som er sett i verk, har medlemsstatane, med omsyn til varer som ikkje er næringsmiddel, høve til å utarbeide ei liste over dei varene eller varekategoriane som framleis skal vere omfatta av plikta til å opplyse om pris per måleining.
- 12) Ved hjelp av eit regelverk på fællesskapsplan er det mogleg å sikre einsarta og oversiktleg informasjon som er til føremål for alle forbrukarane i den indre marknaden. Den nye forenkla metoden er både naudsynt og tilstrekkeleg for å nå dette målet.
- 13) Medlemsstatane må syte for at ordninga er effektiv. Ordninga bør òg vere like oversiktleg når euroen vert innført. Difor bør det fastsetjast ei høgstegrense for kor mange prisar som det kan opplysast om.
- 14) Små detaljistar bør visast særleg merksemd. I rapporten sin om gjennomføringa av dette direktivet, som skal leggjast fram seinast tre år etter den dato som er nemnd i artikkel 11 nr. 1, bør Kommissjonen difor ta særleg omsyn til dei røynsene som små detaljistar har gjort i samband med gjennomføringa av dette direktivet, m.a. når det gjeld teknologisk utvikling og innføring av ein felles valuta. Av omsyn til den overgangsperioden som er nemnd i artikkel 6, bør denne rapporten leggjast fram saman med eit framlegg —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

Føremålet med dette direktivet er å fastsetje at det skal opplysast om salspris og pris per måleining for varer som vert bodne fram for sal av forhandlarar til forbrukarar, med sikte på å betre forbrukaropplysninga og gjere det enklare å samanlikne prisar.

Artikkel 2

I dette direktivet tyder

- a) «salspris» den endelege prisen for ei eining av vara eller for ei fastsett mengd av vara, medrekna meirverdiavgift og alle andre avgifter,
- b) «pris per måleining» den endelege prisen, medrekna meirverdiavgift og alle andre avgifter, for ein kilo, ein liter, ein meter, ein kvadratmeter eller ein kubikkmeter av vara, eller for ei anna einskild mengdeining som er utbreidd og

vanleg i bruk ved marknadsføring av særskilde varer i den aktuelle medlemsstaten,

- c) «varer som vert selde i laus vekt» varer som ikkje er ferdigpakka, og som vert målte opp medan forbrukaren er til stades,
- d) «forhandlar» ein fysisk eller juridisk person som sel eller byr fram for sal varer som fell innanfor forretnings- eller yrkesverksemda hans/hennar,
- e) «forbrukar» ein fysisk person som kjøper ei vare til føremål som ikkje fell innanfor forretnings- eller yrkesverksemda hans/hennar.

Artikkel 3

1. Det skal opplysast om salspris og pris per måleining for alle varer som er nemnde i artikkel 1, og opplysninga om pris per måleining skal vere underlagd føresegnene i artikkel 5. Det er ikkje naudsynt å opplyse om prisen per måleining dersom han er identisk med salsprisen.
2. Medlemsstatane kan vedta at nr. 1 ikkje skal nyttast på
 - varer som vert leverte i samband med ei tenesteyting,
 - auksjonssal og sal av kunstverk og antikviteter.
3. For varer som vert selde i laus vekt, skal det berre vere naudsynt å opplyse om pris per måleining.
4. All reklame som nemner salsprisen for varer som er nemnde i artikkel 1, skal òg opplyse om pris per måleining, med atterhald for artikkel 5.

Artikkel 4

1. Salsprisen og prisen per måleining må vere eintydige, godt synlege og lett leselege. Medlemsstatane kan fastsetje ei høgstegrense for kor mange prisar som det kan opplysast om.
2. Prisen per måleining skal vise til ei mengd som er oppgjeven i samsvar med nasjonale føresegner og fællesskapsføresegner.

Dersom nasjonale føresegner eller fællesskapsføresegner krev at det skal opplysast om nettovekt og nettovekt etter avrenning for visse ferdigpakka varer, skal det vere tilstrekkeleg å opplyse om pris per måleining for nettovekt etter avrenning.

Artikkel 5

1. Medlemsstatane kan gjere unntak frå plikta til å opplyse om pris per måleining for varer i tilfelle der slike opplysningar ikkje ville vere nyttige på grunn av eigenskapane til eller føremålet med vara, eller dersom dei ville kunne skape forvirring.

2. Med omsyn til gjennomføringa av nr. 1 kan medlemsstatane, for varer som ikkje er næringsmiddel, utarbeide ei liste over dei varene eller varekategoriene som skal vere omfatta av plikta til å opplyse om pris per måleining.

Artikkel 6

Dersom plikta til å opplyse om pris per måleining skulle vere ei urimeleg stor bør for visse små detaljistar på grunn av talet på varer som vert bodne fram for sal, salslokalet, eigenskapane ved salsstaden, særlege salsvilkår som gjeld dersom vara ikkje er direkte tilgjengeleg for forbrukaren eller for visse former for handel, t.d. visse former for omførslehandel, kan medlemsstatane, i ein overgangsperiode etter den datoen som er nemnd i artikkel 11 nr. 1 og med atterhald for artikkel 12, fastsetje at plikta til å opplyse om pris per måleining for andre varer enn dei som vert selde i laus vekt, og som vert selde av dei førnemnde føretaka, ikkje skal gjelde.

Artikkel 7

Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som høver for å gje alle dei som saka gjeld, melding om korleis dette direktivet vert innarbeidd i den nasjonale lovgjevinga.

Artikkel 8

Medlemsstatane skal fastsetje kva sanksjonar som skal nyttast ved brot på dei nasjonale føresegnene som vert vedtekne i samband med gjennomføringa av dette direktivet, og skal gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at dei vert sette i verk. Desse sanksjonane må vere effektive, i rimeleg samhøve med brotet og avskrekkande.

Artikkel 9

1. Fristen på ni år som er nemnd i artikkel 1 i europaparlaments- og rådsdirektiv 95/58/EF av 29. november 1995 om endring av direktiv 79/581/EØF om forbrukervern ved angivelse av priser på næringsmidler og direktiv 88/314/EØF om forbrukervern ved angivelse av priser på varer som ikke er næringsmidler⁽¹⁾, skal lengjast fram til den datoen som er nemnd i artikkel 11 nr. 1 i dette direktivet.

2. Direktiv 79/581/EØF og 88/314/EØF vert oppheva frå den datoen som er nemnd i artikkel 11 nr. 1 i dette direktivet.

Artikkel 10

Dette direktivet skal ikkje hindre medlemsstatane i å vedta eller halde ved lag føresegner som er meir gagnlege når det gjeld forbrukeropplysning og samanlikning av prisar, utan at det rører ved pliktene deira i medhald av traktaten.

Artikkel 11

1. Medlemsstatane skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, innan 18. mars 2000. Dei skal straks melde frå til Kommissjonen om dette. Dei skal nytte desse føresegnene frå denne datoen.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende til Kommissjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

3. Medlemsstatane skal gje melding om kva føresegner som gjeld for dei sanksjonane som er fastsette i artikkel 8, og om eventuelle seinare endringar av dei.

Artikkel 12

Innan tre år etter den datoen som er nemnd i artikkel 11 nr. 1, skal Kommissjonen leggje fram for Europaparlamentet og Rådet ein samla rapport om gjennomføringa av dette direktivet, særleg om gjennomføringa av artikkel 6, saman med eit framlegg.

Europaparlamentet og Rådet skal på dette grunnlaget vurdere føresegnene i artikkel 6 på nytt, og i samsvar med traktaten ta avgjerda si innan tre år etter at Kommissjonen har gjort det framlegget som er nemnt i første leddet.

Artikkel 13

Dette direktivet tek til å gjelde den dagen det vert kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

Artikkel 14

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 16. februar 1998.

For Europaparlamentet

For Rådet

J.M. GIL-ROBLES

J. CUNNINGHAM

President

Formann

⁽¹⁾ TEF L 299 av 12.12.1995, s. 11.